

VEDLEGG



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite
0026 OSLO
0026 OSLO

Dykkar ref

Dokument 8:205 S (2021–2022)

Vår ref

22/3901-3

Dato

18.mai 2022

**Dokument 8:205 S (2021-2022) Representantforslag om
kostnadsreduksjon i prosjekt nytt RKV gjennom nedskalering av Ring 1**

Eg viser til Dokument 8:205 S (2021-2022) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Lan Marie Nguyen Berg og Rasmus Hansson om betydelege kostnadsinnsparingar i arbeidet med nytt regjeringskvartal i Oslo sentrum gjennom nedskalering av Hammersborgtunnelprosjektet på Ring 1. Representantane foreslår at Stortinget ber regjeringa nedskalere Hammersborgtunnel-prosjektet på Ring 1, slik at tunnelen berre kan gjerast tilgjengeleg forkollektivtransport og utrykkingskøyretøy, samtidig som omsyn til tryggleiken blir vareteke.

Eg deler representantane si merksemd om å redusere kostnadane i prosjekt nytt regjeringskvartal. Regjeringa har gått igjennom prosjektet med sikte på å redusere kostnadane. Vi varslar i revidert nasjonalbudsjett at Regjeringa vil gjennomføre betydelege kutt i seinare byggetrinn av prosjektet, samanlikna med det som til nå har vore planlagd. Det skal også arbeidast vidare med tiltak som reduserer kostnadane ved ombygginga av ring 1. Vi vil kome attende til Stortinget med desse vurderingane.

Med helsing

Sigbjørn Gjelsvik